# Fjell kyrkjeblad

Nummer 5 – 2018



# Utviding av gravplassen på Landro

SIDE 4



**TV-aksjonen 21. oktober** SIDE 7



**T14 KickOff** SIDE 18

# Fjell kyrkjeblad

Fjell kyrkjeblad kjem ut 6 gongar i året
og kostar kr 200,- pr. år.
For utanbygds: kr 250,-.

**Utgjevar:** DEN NORSKE KYRKJA
Fjell kyrkjelege fellesråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Grafisk utforming:** Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidebilete:** Området som skal brukast til ny gravplass i Landro. Foto: Olav Martin Vik

**Trykk:** Bodoni AS

Miljømerket trykksak 2041 0699

### Kontaktinformasjon

**Adresse:** Fjell kyrkjelege fellesråd,
Postboks 184, 5342 Straume

**Besøksdresse:** Fjell kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, Temahuset

**Telefon:** 55 09 74 40

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 10.00–14.00

**E-post:** post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/fjell
www.t-dagen.no

### Bankgiro

**Fjell kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Fjell kyrkjelege fellesråd:** 1503.84.35067

### Innleveringsfrist

for annonsar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: **06. november**



**Olav Martin Vik**
Kyrkjeverje og redaktør

# Leiar

Med hausten kjem arbeidet med budsjett for neste år. Også me i kyrkja må budsjettere. 2019 er eit spesielt år. Det er siste året at det som heiter Fjell kyrkjelege fellesråd eksisterer. Dei kyrkjelege fellesråda vert slått saman med verknad frå 01.12.2019 og det nye namnet vert Øygarden kyrkjelege fellesråd.

Fjell kyrkjelege fellesråd får i hovudsak sine inntekter gjennom ei rammeløyving frå Fjell kommune. Det er bestemt i lov at kommunane skal finansiere hovuddelen av kyrkja si verksemd. I 2018 vart det ikkje gitt tillegg i rammeløyvinga frå kommunen og ein fekk det same som for 2017. Det gir utfordringar. Me er spente på korleis det vert for 2019. Det er kommunestyret som endeleg fastsett ramma i desember.

I framtida er det viktig at kyrkjelydane arbeider med å skaffe midlar til arbeid som sokneråda driv lokalt. Dette arbeider no sokneråda med og det er viktig at kyrkjelyden stør oppunder sokneråda sitt økonomiarbeid. Også kristeleg arbeid kostar. For mange av oss har me sikkert litt å gå på når det gjeld kollektar og offer, enten det er på bedehuset eller i kyrkja.

God haust vidare.

# Fjell kyrkjebrass



Gruppa øver i kyrkjelydssalen i annankvar torsdag på oddetallsveker frå kl. 20.00 til 21.30. Musikalsk leiar er kantor Olav Sørheim. Kyrkjebrassen har for tida fire kornettar, eitt horn, to barython, eitt euphonium, fire basuner og ein bass.

Fjell kyrkjebrass arrangerer eigne konsertar, spelar ute på førespurnad og deltek på gudstenester. Direkte overføring på NRK radio og tv har ikkje stoppa blåsarane.

Når vi syng jula inn i Fjell kyrkje er Kykjebrassen eit fast innslag.
På friluftsgudstenester som kyrkjelyden arrangerer er ensemblet med, så sant dei kan, til dømes på Fjell Festning 2. påskedag og på Langøy 2. pinsedag.

Kyrkjebrassen er med sin aktivitet ei viktig brikke for musikalsk mangfald i Fjell fellesråd si verksemd.

**Spelar du eit messing-instrument og ynskjer å vera med i ensemblet?**

Då kan du kontakte Svein Lie på telefon: 948 27 320 eller
Olav Sørheim på telefon: 926 15 988.

## Innhald

Utviding av Landro gravplass ........ 4-5
Kyrkjestaben i Sund ........ 6
TV-aksjonen 21. oktober ........ 7
Kirkens SOS: – I natt redda du livet mitt ........ 8-9
Alterskap frå gamlekyrkja ........ 10
Konsert: Stille natt hellige natt ........ 11
Gospelfredag ........ 12
Konsert: Hungry, Mr. T & Freddy Johnson – 3 vise menn ........ 13
Konsert: "Måneskinn i november" ........ 14
T-dagane ........ 18-19

## Andakta

# Er du tørst?

**Espen Sigve Tveten Navn**
Sokneprest i Øygarden





Illustrasjonsfoto: pixabay.com

Eg hugsar godt tremila på «nato-planker» i militæret i Bardufoss. Det var elendig skiføre, klabbane var store under skia frå første meter og den dårlege sekken på ryggen var blytung. Då var det fantastisk å koma til drikkestasjonane undervegs. Minnet om å drikka seg utørst vil eg alltid hugsa.

Vi treng vatn for å leva. Trea òg. Eit stort eiketre treng 500 liter vann kvar dag. Eit tre i regnskogen i Sør-Amerika treng 1200 liter, det vil seia tre liter i minuttet!

I Salme 1 står det om han som vil høyra til oss Gud: «Han er lik eit tre planta ved rennande vatn. Det gjev frukt i rett tid, lauvet visnar ikkje.». Eit tre som står nær vasskjelda har dei beste føresetnadene.

> «Han er lik eit tre planta ved rennande vatn. Det gjev frukt i rett tid, lauvet visnar ikkje.».
> Salme 1, 3

Treet gjev oss viktig lærdom. Skal det verta høgt, stort og bera frukt, er det ikkje nok å berre veksa oppover. Den viktige veksten skjer nedover. Den veksten som vi ikkje legg merke til, er den viktigaste. Nokre tre har røter som er 50 meter djupe. Har vi ikkje røter som når til kjelda, vil vi kunna visna.

Jesus seier at han er livets vatn. Han er kjelda til liv og vil gje oss det viktigaste. Reflekter litt over kor tørsten din rettar seg. Er han mot det heilage, eller er han mot menneskeleg aksept og materielle godar? Han eller ho som kjenner sin eigen tørst, kan søkja det levande vatn. Og nokon gonger er det slik at vi først må få smaken på ein drikk, før vi skjønner kor god han er.

Med Jesus i livet har vi ei kjelde til liv med levande vatn.

Med ønske om ein god og næringsrik haust!

# Utviding av gravplassen på Landro

Eksisterande gravplass på Landro har få ledige graver. Det er ei rekkje festa graver som ikkje er brukt enno (doble graver), men det er stor trong for nye graver. Arbeidet med å utvida gravplassen på Landro har høg prioritet i kommunen og kyrkjeleg fellesråd.

**TEKST OG FOTO: OLAV MARTIN VIK**




Oversiktskart over området. Den nye gravplassen vises til høgre i kartet.



Området som skal brukast til ny gravplass.

## Godkjent reguleringsplan

Området som er regulert til utviding av gravplassen ligg langs vegen mellom Landro og Vindenes, rett etter avkøyringa til Landro kyrkje, på sørsida av vegen når ein køyrer mot Vindenes.

Reguleringsplanen omfattar mellom anna gravplassområdet og vegen som følgjer dalsøkket. Reguleringsplanen er godkjent av Fjell kommunestyre.

## Ny gravplass (utvidinga)

Det er eit stor behov for å auke talet på graver på Landro graplass for å dekke behovet i åra som kjem. Den nye gravplassen ligg i området som vist på biletet. Løa ein ser på biletet vert tatt vare på og skal nyttast av kyrkjeleg fellesråd når det gjeld drift av gravplassen.

På den utvida gravplassen er det planlagt ca. 840 nye graver. Av disse er ca. 540 ordinære graver, ca. 300 plasser for urnegraver og rundt 40 gravplasser skal vere for andre trussamfunn. Det vert også planlagt for ein minnelund. I tillegg skal det etablerast tilhøyrande stiar, vasspostar, murar, gjerde med port, vegetasjon og benkar.

Ved sørvestleg tilkomst til ny gravplass vert det planlagt for to plassar HC parkering og eit avskjerma driftsareal. Utforming av ny gravplass tek utgangspunkt i området sine eksisterande kvalitetar i terreng, vegetasjon og jordbruksbygg. Fjellskråning og vegetasjon i søraust skal behaldast i størst mogleg grad. Øvrig terreng skal fortrinnsvis planerast til meir eller mindre same nivå som dagens terreng. Eksisterande bekk som renn ned frå fjellskrenten aust for løa, skal bevarast og førast inn i gravplassen som eit positivt element.

## Ferdigstilling

Det er eit mål å få ferdigstilt den nye gravplassen så snart det let seg gjere, ut i frå prosess og byggetid. Det har vore arbeida kontinuerleg med dette tiltaket sidan sommaren 2017. Planlegginga er ferdig og ein går over i tilbodsfase for utføring av arbeidet. Det vert gitt nærare informasjon i kyrkjebladet når anleggsarbeidet er i gong og det er ein avklart tidsplan for arbeidet.

# Kyrkjestaben i Sund

## Me presenterer her kyrkjestaben i Sund.

Frå 01.12.2019 vert fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden slått saman til eit nytt fellesråd med namnet Øygarden kyrkjelege fellesråd.

Det er to kyrkjer i Sund: Sund kyrkje og Kausland kyrkje. Det er gudsteneste annakvar søndag i kvar kyrkje.



Sund kykrje frå 1997.



**Tove Foss Solvang**
Kontorleiar
100 % stilling



**Hildegunn Børnes**
Diakonimedarbeidar
80 % stilling



**Dag Reidmar Pettersen**
Kyrkjelydspedagog
100 % stilling



**Kjell-Asle Børnes**
Sokneprest
Sokneprest har prost og biskop som sine overodna



Kausland kykrje frå 1881.



**Michal Møgster**
Prostiprest
Sund og Askøy



**Irina Tarasova**
Kantor
80 % stilling



**Gunnar Langeland**
Kyrkjegardsarbeidar
100 % stilling



**Rolf Oksnes**
Kyrkjegardsarbeidar
60 % stilling



**Martin Børnes**
Kyrkjetenar
6 % stilling



**Ole-Jakob Pettersen**
Kyrkjetenar
6 % stilling

# Ny kyrkjeordning på høyring

Kulturdepartementet sende hausten 2017 ut eit framlegg til trussamfunnslov for alle trus- og livssynssamfunn i Noreg, medrekna Den norske kyrkja. Venteleg skal Stortinget handsame denne lova våren 2019.

Med forslaget om ny trussamfunnslov følger også at kirkeloven ikkje lenger skal gjelde. I dag regulerer kirkeloven dei viktigaste myndigheitsforholda innanfor Den norske kyrkja. Kyrkjerådet sender no ut eit forslag til føresegner som skal erstatte kirkeloven når denne blir oppheva. Det er ikkje meininga at desse føresegnene skal føre til endringar av dei ordningane ein har i dag. Forslaget til trussamfunnslov føreset at kyrkja sjølv gjev nærare reglar i ei kyrkjeordning som blir fastsett av Kyrkjemøtet.

Frist for å gi høyringsuttale er sett til 15. desember 2018.

*Olav Martin Vik*
*Kyrkjeverje*



Kirkens Bymisjon
TV-AKSJONEN NRK

# TV-Aksjonen 21. oktober: Mindre åleine saman

**TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkens Bymisjon. Gjennom TV-aksjonen i år skal vi skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. Pengane som blir samla inn skal skape 700 000 møte mellom menneske.**

Noreg er eit samfunn der skilnaden mellom folk aukar. Skilnader som ikkje fyrst og fremst handlar om etnisitet eller religion, kor du kjem frå eller kven du er, men om du er innanfor eller utanfor.

Det er mange måtar å vere utanfor på. Frå å mangle ei seng å sove i, til å vere utanfor i arbeidslivet eller sosiale fellesskap. Dette råkar ikkje berre enkeltpersonar, men gir ringverknader for alle.

Med TV-aksjonen NRK 2018 kan Kirkens Bymisjon skape møte som kan redde liv. Ved å opne dører og legge til rette for at fleire kan møtast, skal vi vise kvifor TV-aksjonen i år er viktigare enn aldri før. Vi skal tilby menneske som opplever å stå utanfor, eit nytt fellesskap, ei seng eller ein samtale og slik bidra til at fleire får sjansen til å oppnå eigne mål og draumar.

## BLI MED PÅ DEN STØRSTE DUGNADEN I VERDA!

BLI BØSSEBERAR, RING 02025 ELLER GÅ INN PÅ BLIMED.NO

# -I natt redda du livet mitt!

*-Direkte tilbakemeldinger fra innringerne er kanskje den sterkeste motivasjonen, som for eksempel: I natt har du redda livet mitt. Men også når innringer sier at nå kjennes det lettere. Det er et paradoks at det ofte skal så lite til for å lette et medmenneske sin smerte, bare være til stede som en lytter og samtalepartner.* Odd, 66 år og frivillig i Kirkens SOS.

TEKST: KARL DAG BÆRUG

## Et oppriktig ønske om å hjelpe

Felles for de frivillige i Kirkens SOS er at de har et oppriktig ønske om å være til hjelp. De blir inspirert av å bruke fritiden sin til å være et fortrolig medmenneske. Mange opplever at det er både nyttig og fascinerende å erfare hvordan det å være en god samtalepartner kan bidra til å gi håp. I ytterste konsekvens kan en samtale redde liv. Kirkens SOS er en anonym tjeneste, de frivillige vet ikke hvem de prater med og vet ingen ting om innringer eller innskrivers bakgrunn, kun det som blir fortalt der og da.

## De frivillige i Kirkens SOS er like ulike som dem som tar kontakt!

Odd – tidligere rektor og lastebilsjåfør, Jan-Egil – performance kunstner og Per Arne – media og It-mann. Alle er frivillige i Kirkens SOS. De frivillige i Kirkens SOS er fra mange ulike steder i landet og har svært ulik bakgrunn og interesser. Noen har så vidt passert 20 år og andre nærmer seg 80. Noen er studenter og ønsker å lære mer om å møte mennesker i krise, noen er i full jobb og gir likevel av sin knappe fritid til folk som sliter og andre er ressurssterke pensjonister som ønsker å dele av sin livserfaring med andre.

## Den største døgnåpne krisetjenesten i landet

*– Jeg trenger noe i livet mitt som er viktig og større enn meg selv. Kommer jeg fra vakt og har hatt en god samtale, så gir det mening til mitt liv.* Per Arne, 52 år og frivillig i Kirkens SOS.

Hvert år besvarer Kirkens SOS nesten 200 000 henvendelser på telefon og internett, men en av tre får ikke svar. Flere frivillige trengs for å kunne fortsette det gode arbeidet og hjelpe enda flere. Kirkens SOS ønsker frivillige av begge kjønn velkomne, og håper stadig på at flere menn kunne tenke seg å bidra.  Det er langt flere kvinner enn menn blant de frivillige per dags dato.

Kirkens SOS er landets største døgnåpne krisetjeneste på telefon og internett. Det er nærmere 1000 engasjerte frivillige rundt om i landet som til sammen besvarer alle henvendelser på dagtid, om natten, på hverdager og fridager. Kirkens SOS sin visjon er å gi håp til mennesker i krise og utøve Jesu nestekjærlighet i praksis. Det handler om å være et medmenneske som lytter med respekt og er en god samtalepartner når livet utfordrer. Selvmordstanker er tema i omkring 10 prosent av samtalene på telefon og hele 50 prosent av samtalene på soschat.no.

## Det handler aller mest om likeverd og respekt

*– Jeg hadde en sterk barnetro som varte til midten av tenårene. Siden har jeg vært søkende og kalte meg buddhist i flere år, men nå anser jeg meg mer som åpen til de store spørsmålene og tror det finnes et større bilde vi bare kan ane eller ha følelsen av. Jeg liker mangfoldet.* Jan-Egil, 37 år og frivillig i Kirkens SOS.

Kirkens SOS stiller ingen spesielle krav til bakgrunn, det er viktig med stort mangfold – like stort som blant dem som tar kontakt. Noen har en sterk kristen tro og andre stiller seg mer undrende. Vi har også frivillige med andre livssyn enn det kristne. Det aller viktigste er at våre frivillige deler våre felles verdier om frivillighet, åpenhet, tilgjengelighet og anonymitet.

De frivillige må også ha avstand til egne kriser og overskudd til å være en god samtalepartner for andre. Og sist, men ikke minst, er det viktig at alle i Kirkens SOS har respekt for alle typer mennesker uansett sosial eller

kulturell bakgrunn, religiøs overbevisning, kjønn eller seksuell legning.

## Noe for deg?

Er du nysgjerrig eller ønsker å vite mer om hvordan det er å være frivillig i Kirkens SOS? Ta gjerne kontakt med ditt lokale SOS-senter. Vi er til stede i Troms, Trøndelag, Møre og Romsdal, Rogaland, Agder, Vestfold, Østfold, Telemark, Hedmark og Oppland, Hordaland og Oslo. Ta en titt på våre nettsider https://www.kirkens-sos.no/om-kirkens-sos/lokale-sentre og ta gjerne kontakt.

Bli kjent med noen av de frivillige i Kirkens SOS. Vi har spurt dem noen oppriktige spørsmål og har fått ærlige svar tilbake. Les mer om Jan-Egil, Odd og Per Arne.



Jan-Egil er performancekunstner. Foto: Petter Lønningen



Per Arne ivrig Brann supporter og elsker hunder. Foto: Anne Birgitte Larsen



Odd liker seg godt bak rattet. Foto: Margareta N. Øygarden

| | Kan du fortelle litt om deg selv? | Hva er det som gjør at du fortsetter å være frivillig i Kirkens SOS? | Hva har du lært som frivillig i Kirkens SOS? |
|---|---|---|---|
| **Jan-Egil 37 år** | – Jeg er performance-kunstner og lærer. Nå er jeg 60 % lærer og føler meg rik etter å ha jobbet bare 20 % mens jeg studerte kunst! I tillegg jobber jeg frivillig som kurslærer i meditasjon. | – Å jobbe frivillig definerer meg som person annerledes når jeg ikke tjener penger på det, jeg gjør det fordi jeg vil, ikke fordi jeg må. Nå har jeg halv vaktturnus, det har jeg tid til, klarer ikke gi slipp, det er viktig for meg. | – Det å lytte på flere nivåer samtidig. Det er ikke alltid ordene som blir sagt, som er det eneste budskapet. Følelser uttrykker seg gjennom stemmen og der er det mulig å fange opp mer enn det som blir sagt direkte. Dette føler jeg at jeg er blitt flinkere til. |
| **Per Arne 52 år** | – Jeg har ingen formell utdanning utover ungdomsskole. Jeg har jobbet i klassiske røverbransjer i media- og databransjen – steder som ikke var så opptatt av formalkompetanse, de så etter folk som brant for det de holdt på med. Det har jeg alltid gjort. | – Jeg trenger noe i livet mitt som er viktig og større enn meg selv. Kommer jeg fra vakt og har hatt en god samtale, så gir det mening til mitt liv. | – Å forholde seg til hverandre som likeverdige mennesker. I det proffe hjelpeapparatet må en kanskje ha skjoldet opp for å klare det, men på SOS er det mulig å ta den garden ned og møtes som jevnbyrdige med de følelser vi har på begge sider. |
| **Odd, 66 år** | – Jeg har jobbet 34 år i skolen, de 20 siste som rektor. Og så har jeg kjørt lastebil og vogntog på si. Det startet i militæret og jeg var innom ulike jobber, blant annet trailersjåfør, i noen år før jeg begynte på utdanning. | – Kan jeg bruke bitte litt av tida mi til at et menneske ikke tar livet sitt, så er det sannelig verdt det. Samtalene gir mye innsyn i hvordan livet kan være. Enda om det kan være tungt, så er det likevel meningsfullt å være der. | – Jeg er blitt veldig minnet på hvor viktig det er å lytte mer enn jeg snakker. Lytte aktivt, prøve å finne gode spørsmål og evt. gode innspill. Har også lært noe om kvaliteten i det å være frivillig, det er en verdi i seg selv, vi får stor tillit fra mange innringere, det tror jeg har litt med frivilligheten å gjøre. De vet at vi gjør dette ulønna og at vi er der fordi vi ønsker å snakke med dem. Har ikke vært så bevisst på dette før. |

# Alterskap frå gamlekyrkja

## Den eldste av kunst på Sotra finn vi i Fjell kyrkje. Det er eit alterskap frå seinmiddelalderen.

TEKST OG FOTO: INGALIS APELTHUN MALMO



Kristin Kausland fortalde om alterskapet under kulturminnedagane i Fjell 13. september.

- Denne kyrkja vart bygd i 1874, så den rekna eg ikkje som gamal, og måleriet av "Det siste måltidet" som er limt inn i midten av alterskapet er også nytt, då snakkar vi sånn rundt 1850, seier doktor i sein-middelalderkunst, Kristin Kausland, som er fødd og oppvaksen i Sund.

Ho fortel at ho er tredjegenerasjonsforskar etter Bjørn Kaland, som var pioner i konservering på 50-tallet. Hennar lærar og mentor, Leif Einar Flate, var eleven hans.

Kausland er sjølv forskar og leverte alt i 2016 si doktoravhandling som omhandlar alterskap frå seinmiddelalderen. Ho brukar kunstteknologiske analyser for å besvara spørsmål om opphavet til kyrkjekunsten. Sjølv om ho kjem her frå Sotra visste ho ikkje om dette alterskapet, som heng i Fjell kyrkje, før ho var komen halvvegs i sin eigen doktoravhandling. Men når hennar eigen oversikt over dei alterskap som fins her i landet kjem ut, er sjølvsagt alterskapet i Fjell kyrkje med, lovar ho dei som er møtt opp i Fjell kyrkje denne kvelden.

Etter reformasjonen vart det stor forandring. Det kom forbod om å tilbe helgenfigurar. Sør i Europa vart det meste brent, men her til lands gjekk dei ikkje så drastisk til verks.

Alterskapet som stod i kyrkja, hamna på Liaskjæret i huset til lensmann Lie. Det vert fortald at skapet, kva det enn blei brukt til, alltid vart kalla "alterskapet". Tilsist var det, mildt sagt, i miserabel stand.

Då distriktslækjaren i Fjell, Arnljot Gjelstein, fekk nyss om og interesse for skapet vart det forandring. Han fekk det med til Riksantikvaren for undersøkjing. Der fann dei snart ut at dette skapet var verdfullt. Ekspertar som fjerna varsamt lag på lag med maling fann til sist ekte gull. Dei to som var avbilda på innsida var mykje betre bevart gjennom hundre år. Til venstre kan vi sjå Olav den Heilage som trør på den "vonde" versjonen av seg sjølv, etter han vende om til Kvite Krist. På andre døra finn vi St. Sunniva.



Denne kreative vesle "ringlepungen" bruka dei når dei samla inn kollekten i gamlekyrja. Folk sat trongt i kyrkjebenken og gudstenesta var lang. Men sjølv dei som blunda fekk, ved hjelp av bjølla, ytt sin skjerv når det ringla under nasa.



To dører som sto i den nye kyrkja, men som ein gong undervegs vart bytt ut, er komen attende. Dei vart funnen i bruk i ei løe på Fjell Gard. Kultursjefen i Fjell, Lennart Fjell, arbeider med saka for å få desse to permanent utstilt i kyrkja.

- Det eg er mest oppteken av er, kvar kjem dette skapet ifrå? Er det laga i Norge, Tyskland eller Nederland? seier Kausland. Alt dette vil Kausland koma attende og forsøkja å finna ut så snart ho får høve til det.

Det er fleire småting som er komen attende til Fjell kyrkje frå familiar som for nokre generasjonar sidan kjøpte dei på auksjon. Fleire hus ute på øyane og på Brattholmen har plankar frå gamlekyrkja på husveggen. Kultursjefen i Fjell, Lennart Fjell, som innbaud Kristin Kausland, er svært interessert. Han har sjølv saumfare kyrkja på leit etter kulturhistoriske skattar.

# Stille natt hellige natt

Juletradisjonen feirer 30 år og kommer til Fjell kyrkje 30. november kl. 17.30.

**TEKST: ANITA SØDERLIND ANDERSEN**



Det er i år 30 år siden produsent Tor Arne Ranghus, som den første i landet, fikk idéen om å arrangere kirkekonserter med kjente artister i førjulstiden. Den aller første *Stille natt hellige natt*-turnéen i 1988 bestod av artistene Karsten Isachsen, Anita Skorgan, Karoline Krüger og Nora Brockstedt og det ble arrangert 18 konserter. Siden den gang har mer enn 500.000 publikummere fått oppleve *Stille natt hellige natt* og turnéen har besøkt over 150 forskjellige kirker over hele Sør-Norge. I år besøker Stille natt hellige natt hele 41 kirker over det ganske land i adventstiden.

«Formidlet gjennom noen av landets fremste artister og musikere, ønsker vi med *Stille natt hellige natt* å forene høytid og glede. Respekten for budskapet og kirkerommet er tydelig, samtidig som leken og gleden får rom», sier produsent Tor Arne Ranghus.

## Årets artister

Vi er stolte over å presentere et fantastisk team av artister til årets *Stille natt hellige natt*-turné: Rune Larsen, Maria Haukaas Mittet, Alexander Rybak, Tor Endresen og Lisa Børud! Konsertens nestor, Rune Larsen, deltar i år for 17. gang på rad!

Det vil glede mange publikummere at Tor Endresen i år endelig er tilbake etter et par års opphold. Alexander Rybak deltar for femte gang og Maria Haukaas Mittet går inn i sin fjerde sesong. I år blir hun flankert av en ung og spennende sanger og artist, nemlig Lisa Børud. Lisa Børud spilte inn sitt første album som femåring og ble en av Kristen-Norges store barnestjerner med 120.000 solgte album. Som voksenartist hadde hun sitt gjennombrudd og imponerte mange i fjorårets Stjernekamp på NRK. Musikere på årets turné er Tove Kragset på tangenter og Olav Torget på gitarer.

## Samarbeid med Strømmestiftelsen

*Stille natt hellige natt* arrangeres i samarbeid med Strømmestiftelsen. Hjelp til selvhjelp er bærebjelken i stiftelsens arbeid for å bekjempe fattigdom. Strømmestiftelsen støtter opp om utdanning for å motivere utvikling av enkeltmennesker, lokalsamfunn og land – for å gi mennesker tro på at iherdig egeninnsats skaper varige resultater.

Stiftelsen sikrer også lån, sparetiltak og forsikringsordninger gjennom mikrokreditt til idérike, fattige mennesker. Mikrokreditt ble viet stor oppmerksomhet da Nobels Fredspris 2006 gikk til Muhammad Yunus og Grameen Bank for nettopp denne typen hjelpearbeid. *Stille natt hellige natt* har bidratt med mer enn 11 millioner kroner til stiftelsens arbeid siden samarbeidet startet i 2000.

**Billetter: Ticketmaster.no**

# Gospelfredag



Trygve Hellesen på saksofon og Sølvie Arefjord, Louise Armond og Eivind Kausland Lie som forsangarar.

## Mange har sikkert lagt merke til at det sidan i fjor haust har foregått noko spennande i ny og ne i Fjell kyrkje, med den underfundige tittelen "Gospelfredag – allsang på grensen.. til det himmelske".

TEKST: AASMUND BREKKE
FOTO: SVEIN ARTHUR PEDERSEN

Det er ei uformell songstund med høg musikalsk kvalitet, der ei stamme av Lukas Tensing sitt orkester frå 70-talet saman med nokre gode forsongarar leier dei frammøtte gjennom ein god bunke med allsongar og korsongar som mange kjenner att frå tida i Lukas Tensing på 70- og 80-talet. Det foregår to gonger i semesteret og har heilt frå starten hausten 2017 trekt bra med folk.

Allereie første gongen kom det nesten 100 personar, og seinare har det auka på for kvar gong. På starten av andre sesong i slutten av august var det rundt 200 til stades. Primus motor i opplegget er pianist Lars Erik Lotsberg, som på ein lun og uhøgtideleg måte losar forsamlinga trygt gjennom eit nøye gjennomtenkt utval av gode, gamle songar, som både er oppbyggelege, gode å synga og lett gjenkjennelege for mange. Det har falle mange kommentarar frå folk i salen om at dei på ein mystisk måte husker både tekstar og korstemmer på songar som dei i 30 år har gløymt eksisterte. Og fleire har fortalt om sterke opplevingar, gjerne slik at tårene trillar, i møte med gamle songar som var viktige for dei i ungdomstida.

Men, som det og har blitt sagt: Dette er ikkje berre mimring. Å synga desse songane i dag er og eit engasjerande uttrykk for ting som er viktige for oss no, og det hjelper oss å halda kontakten med eit varig fundament for livet. Og når det har gått så mange år er det lettare å sjå dei tidlause kvalitetane i mange av desse songane.

På kvar samling er det ein andakt midtvegs i opplegget, og det er kaffi og kaker i kyrkjelydssalen etter songstunda, med rikeleg høve til å slå av ein prat med gamle og nye kjente. Og folk gjev seg god tid, klokka nærmar seg ofte midnatt før dei siste forlet kyrkja for kvelden.

Innimellom kjem det gjesteartistar som syng nokre låtar frå sitt repertoar, t.d. har Remy Andre Olsen og Martin Engelsen vore innom. Neste gong, som blir den 23. november i år, blir Ove Ådland med som gjest, i tillegg til at det som vanleg blir ein god bolk med allsongar.

**Så om du likar å synga og ikkje har vore på Gospelfredag før – set av 23. november og få med deg ei oppleving som garantert vil gje meirsmak!**

# Blues, negro spirituals, soul og gospel – nært og nakent!

Tre voksne menn med et levd liv i bagasjen inntar Fjell kyrkje med sine gitarer og sine stemmer, 21. oktober.

TEKST: TROND OLSEN
FOTO: GAUTE IVERSEN



Trond Olsen

John Magnar Bernes (Hungry John), en ekte og levende blues-legende fra Bergen, Sotras egen Trond Olsen og Atle Johannessen på gitar.

Sammen skal de fylle kirken med en blanding av gamle negro spirituals, rythm & blues og roots låter. Trioen vil servere en mix av både kjent og ukjent spirituals materiale, ispedd noe orginalt materiale fra John Magnar og Trond. Der guttene i alle år har opptrådt elektrisk, forener de nå kreftene der en kan forvente et akustisk, nakent og nært uttrykk. Og kjenner vi guttene rett, kan dette bli både lunt og stemningsfullt. Det vil handle om historie og det vil handle om livet. Alt knyttet sammen med noen gitarer og to voksne stemmer.

**Hungry, Mr. T & Freddy Johnson – 3 Vise Menn**

Alle er velkommen til en lun og blå konsertaften i Fjell kyrkje 21. oktober, kl. 18.00! Billett: 200,-

